

# Styremøte i V.I.L

## Klubbhuset

02.10.2013

Desse møtte: Einar Hoel, Anders Rem, Ellisiv Valdal Jarvik, Inge Sunde, Trond Håvoll, Jan Ole Fuglem, Nelly Ytterli, Kjersti Sæter Magnussen og Karianne Vestre Døving

### Sak 1: Orientering frå gruppene

- Trim: Det er mange som har kjøpt trimkort i år. Trimgruppa har tent ca. 6.500 kr på det, og det er omtrent som i fjor.
- Fotball: Det er kampar ut oktober månad. Fotball skal prøve fiskesal igjen, og det blir bingo den 17. november.
- Langrenn: Utetreninga er i gang, og innetreninga startar torsdag 3. oktober. Samlinga på Markane var positiv. Det var bra oppmøte og opplegg.
- Friidrett: Friidrettssesongen er avslutta. Det er omlag 40 stykk som har delteke på 3 eller fleire cupar denne sesongen, og det er ganske bra oppslutnad.
- Informasjon frå Einar: Eldsjelprisen for 2013 skal delast ut. Gruppene må kome med forslag på person eller organisasjon som skal få denne prisen.
- 

### Sak 2: Kunstgras

Dersom noko skal gjerast mtp kunstgras, må det sendast inn ein førehandssøknad til kommunen først. Når den er i orden kan ein søkje om spelemidlar (frist 15. januar). Ein kan starte og forskottere, men kan vere at ein ikkje får det godkjent.

Kunstgrasnemnda foreslår å byggje kunstgrasbane på Idavollen (1 x 7`ar bane og 1 x 5`ar bane). Fordelen med å bruke Idavollen er at idrettslaget eig grunnen der, og det gjer alt mykje enklare. Ein tenkjer då at ein bygg ut kunstgrasbane først, og utbetrar stadion på lengre sikt.

Økonomi: Ein har sett på tala frå kunstgrasbana i Eidsdal. Kostnadane knytt til ei kunstgrasbane på Idavollen vil kome på om lag 2,8 million. Ein ser for seg ei tredeling av

korleis ein skal få realisert kunstgrasbana: dugnad- spelemiddel og tilskot. Kostnadane knytt til lys er ikkje klare. Ein må tenkje kreativt mtp moms kompensasjon. Idrettslaget treng å leige inn nokon for å sjå nærmare på kostnadane for å vise til mest muleg reelle tal i spelemiddelsøknaden.

Ein treng også å finne ut meir om behov ift dimensjon og aktivitet, og ein må også sjå nærmare på parkeringsmulegheitene.

Det blei diskutert i møtet om ein burde tenkje større og sende inn søknad om friidrettsbane samtidig for å få ut meir spelemidlar. Det blei imidlertid semje om at ein sender inn søknad om kunstgrasbane no i første omgang for å kome i gang, og at det ikkje skal gå endå lengre tid.

Vedtak: Styret godkjenner å sende inn ein søknad om førehandsgodkjenning for kunstgrasbane på Idavollen. Idrettslaget tek sikte på å sende inn søknad om spelemidlar for 2014.

### **Sak 3: Anleggsutbygging**

Sett ned ei arbeidsgruppe som går gjennom anlegget og kjem med framlegg til prioritering og framdrift. Gruppene. Det er viktig å få ei arbeidsgruppe som kan sjå behova totalt sett.

Vedtak: Gruppene finn ein person som kan sete i ei slik arbeidsgruppe.

### **Sak 4: Tilskot langrennsgruppa**

Langrennsgruppa har fått kr 20.000 i førebels lån frå hovudlaget knytt til oppstart skiskyting, innkjøp av utstyr og køyring av skiløyper (som mange har glede av).

Vedtak: Hovudlaget gjer lånet om til eit tilskot til langrennsgruppa.

### **Sak 5: Fellesarrangement.**

Marknaden gir omlag 30.000 kr i inntekt og er eit fellesarrangement for alle gruppene i idrettslaget. Er det andre måtar å tene tilsvarande med pengar på? Ein del hevdar at marknaden er utdatert, og at ein treng å tenkje nytt. Andre meiner at det er fint med eit arrangement der gruppene gjer noko felles, og som har ein sosial gevinst. Alle er einige om at idrettslaget treng å oppretthalde inntektene sidan det er store investeringar på gang.

Idrettslaget har 6 månader å tenkje seg om på, og eventuelt finne andre løysningar. Det var semje om at ein må utnytte sommarsesongen endå meir for å få inn inntekter. Det kom også forslag om å lage til ein medlemsfest.

